

# Handverk, design og kritisk evne

Alle våre naboor i Norden har kunst- og handverksfag på timeplanen, og i dette temanummeret har vi glede av å presentere bidrag frå Island, Færøyane, Danmark, Sverige, Finland og Norge. På tross av ulike fagnamn, styringsdokument og tradisjonar har faga i grunnskulen i Norden klare fellestrek; Designprosess, berekraft, å lære seg ulike handverksteknikkar og arbeide med variert materiale står sentralt, i tillegg til det å oppleve, produsere og stille seg kritisk til bilde. Digitale verktøy får stadig større plass i faga, noko som er spesielt tydeleg i Finland, der programering og 3D-printing no er implementert i sløydfaget.

Norge er dei einaste landet i Norden som har eit samla kunst- og handverksfag, der det både skal arbeidas med kunst, visuell kommunikasjon, design og arkitektur. Dette ser vi på som noko av styrken til faget. Styret i Kunst og design i skolen skriv meir om dette i artikkelen *Håndverket må styrkes*.

Når det gjeld lærarar si fagkompetanse kan vi ane store forskjellar. På Island og i Finland er lærarsituasjonen i grunnskulen god. I dei andre nordiske landa er det større utfordringar knytt til dette, enten fordi faga blir nedprioriterert eller fordi det utdannas for få faglærarar. Noko ana som skil oss oss er i kor stor grad timefordelinga er fleksibel. På Island består fagområdet kunst og handverk av 7 ulike fag. Faga har ei felles timepulje og det er skuleleiar sin jobb å fordele timer til dei enkelte faga. Omtrent den same situasjonen finn vi på Færøyane. I teorien skal timane fordelas likt, men i praksis skjer ikkje alltid dette. Dette skriv Maríella Thayer meir om i artikkelen *Satser bredd på Island*.

Når det kjem til vidaregåande skule er det forholdsvis store skilnader når det gjeld tilbod innan fagområda som kunst, design og arkitektur. I nokre land blir det tilbode eigne studieførebuande program som rettar seg mot fagområda, medan andre land tilbyr slike fag som valfag på det som svarar til det norske studiespesialiseringa utdanningsprogrammet. Dei ulike tilboda kan du lese meir om under overskrifta *Fagløpene i Norden*.

På grunn av plass har vi laga ei separat litteraturliste til dette nummeret. Oversikt over fullstendige kjelder finnast på vår heimeside: [kunstogdesign.no/form2017](http://kunstogdesign.no/form2017)

Vi håpar at dette nummeret både vil opplyse og inspirere. Ved å dele erfaringar og ta lerdom av kvarandre vil vi kunne styrke det nordiske fagmiljøet som har ei felles målsetjing om å fremje kunst-, design og handverksfag i skulen.

God lesing!

Bibbi Omtveit



Elevar på 5. trinn ved Uglegårsskolen i Danmark har i faget bildekunst laga «ansiktskåler» i leire. Etter brenning blei skålene glasert. Eit av kriteria i oppgåva var at det skulle kunne trekkast ei snor ut av eit hol. Skåla kan brukast til å halde orden på garnnøstet når ein strikkar eller heklar.  
Foto: Sahra Gille

Dette nummeret er utgjeve med støtte frå:

**HAND  
MADE**  
**NORDISK  
KULTURFOND**

**LETTERSTEDSKA FÖRENINGEN**